

## Referat styremøte 14/1 2019

Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Styremøtet fann stad den 14.01.2019 klokka 20.30 - 21.30

Følgande møtte:

- ✓ Merethe Hellevik (leiar)
- ✓ Nils Edmund Stråmyr, skrivar
- ✓ Maren-Ann H. Løvold, kasserar
- ✓ Ottar Ringstad, nestleiar (frå kl. 20.47)

### SAKER:

SAK 9/18 ; Bestemme dato for årsmøte i MRGL

Det var først litt diskusjon omkring når lokallaga skulle ha sine årsmøter. Midtre 24/1, Indre 1/2 og Vestre 2/2. NRGL - ikkje klart.

Framlegg om laurdag 9. februar 2019 klokka 14.00 på Systra kafe, Sjøholt

Vedtak:

**Årsmøte i MRGL vert laurdag den 9. februar 2019 klokka 14.00 på Systra kafe, Sjøholt.**

SAK 10/18; Prøveavgift NSG – Orientering ang. økonomi

Økonomien i laget er grei. Kasserar opplyser at det var om lag 40 000 kroner på konto pr. 30/11-18. Etter dette er det betalt ei prøveavgift til NSG som er på kr. 60 pr. startande på gjeterhundprøver. Med 245 starter totalt, vert denne på kr. 14 700.- Årsmøtebestemt honorar til styret i MRGL er utbetalt på rett år og utgjør kr. 7000 pr. år. Ein venter og eit tilskot frå NSG på kr. 15 000. Då skal saldoen vere vel 34000 kroner.

SAK 11/18; Forespørsel frå Møre og Romsdal Sau og Geit, MRSG, om deltaking frå MRGL i høve MRSG sitt årsmøte.

Etter det vi forstår er gjetarhund eit satsingsområde for NSG. I det høvet er årsmøtet ein arena for å fortelje om kva gjetarhunden kan hjelpe med i arbeidet med småfe.

Det positivt at MRSG tek tak i dette, og MRGL kan bidra med informasjon frå årsmeldinga vår. Vi må ha tid for å avklare om nokon frå styret kan reise, men det hadde vore ønskjeleg.

SAK 12/18; Unghundcupen 2018

Unghundcupen skulle i 2018 bestå av fire prøver i klasse 2 der dei tre beste prøvene skulle telje i samandraget. Kolåstindprøva 2.juni, Stette 5.august, NRG 25.august. Tynesprøva vart ikkje arrangert då området i haust ikkje kunne brukast. Kva gjer vi då for å kåre ein vinnar?

Nils Edmund Stråmyr melde seg ugild i saka då Karina Stråmyr er ein av deltakarane.

Poengfordelinga er den same som skalaen som MRGL bruker for uttak til NM i gjetarhund.

Den som leder etter 3 prøver har 42 poeng og nr.2 har 24 poeng. Seier i siste prøve ville ha gitt 15. poeng. Andrelassen kunne såleis fått maksimalt 39 poeng og kunne ikkje tatt igjen den som leder. Resultatet ville dermed for førsteplassen vere det same.

Vedtak:

**Styret i MRGL vedtek at alle dei tre prøvene som er avhaldne skal telje i samandraget for å kåre vinnar av unghundcupen 2018.**

Møtet heva klokka 21.30

Merethe Hellevik

Ottar Ringstad

Maren-Ann H. Løvold

Nils E. Stråmyr